



DEN NORSKE KIRKE
Lavik Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 15.09.2020

Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 10.09.2020

Møtetid: kl. 19:00

Møtested: Alværa Misjonssenter

Tilstades:

Katrin Borlaug Ringereide, Tonje Førde Systad, Toril Lange, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Geir Sørebo

Kopi av møteboka går til:

Annbjörg N. Kristensen, Marita Z. Espeseth, Hilde Iren Sørebo Bosdal, Terje Båtnes, Olav Hellebø, Bjarne Hellebø, Audun Engedal, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.

Godkjent utan merknader.

Meldingssaker

005/2020 Vask av kyrkja før konfirmasjon 26.sept. Wenche og Torunn organiserer.

006/2020 Invitasjon til avslutning for prost/innsetjing av ny prost. Tonje og Toril reiser

007/2020 Tilbakemelding til biskop etter visitas. Det vert arbeidd med dette, som vi reknar med å kunne sende rundt årsskiftet 20/21.

Vedtaksaker

013/2020 Årshjåla.

Vedtak: Vi prøver å få gjennomført så mykje som mogeleg i tråd med dei smittevernreglar som til eikvar tid gjeld.

014/2020 Samlingar for menneske midt i livet.

I samband med spørjeundersøkinga i 2019 kom det fram ynskje om slike samingar. Vi tenkjer oss samingar på Alværa, der det er god plass; vi kan ha eit kveldsmåltid med påfylgjande innlegg om eit tema samt samtale rundt dette. Vi diskuterte diverse forslag til tema.

Vedtak: Fyrste samling vert onsdag 11.nov kl 19.00 på Alværa.

Tema: Dei 10 boda i moderne tid. Innleiing ved Geir Sørebo.

015/2020 Gudstenesteplan for september til desember 2020

Vedtak: Planen vert gjennomført som han føreligg – med forbehold om restriksjonar pga Korona.

016/2020 Barne-og ungdomsarbeid hausten 2020.

Vedtak: Vi vil prøve å gjennomføre så mykje som mogeleg av det vi har planlagt – med forbehold om restriksjonar pga Korona. Det er usikkert om planlagd haustleir på Alværa kan gjennomførast, då dei fleste leiarane kjem frå Bergen. Eit alternativ dersom leiren må avlysast, kan vere «leirdøgn» for Lavik-borna.

017 Felles §9-møte med sokneråda.

Fellesrådet har bede sokneråda ta stilling til dette. Slik vi forstår forslaget, meiner vi at møte mellom sokneråd og kyrkjeleg tilsette bør avviklast i kvart sokn, ikkje felles for heile kommunen dersom ein skal kunne ta opp konkrete ting på dei ulike stadane.

Vedtak: Lavik sokneråd meiner §9-møte bør haldast i kvart sokn.

Merknad: Vi minner likevel om at soknerådskurs del 2 godt kan vere felles for alle sokna, og at Alværa då vil vere ein naturleg og eigneleg stad å halde det.

Ymse. Spørsmål til kyrkjeverje:

- Kva skjer vedrørende manglande lys på parkeringsplassen ved kyrkja?
- Kyrkjeverje skulle sjå på alternativ til innkjøp av handhalden mikrofon. Er dette teke tak i, og kva alternativ finns?
- Utanfor kyrkja står to benkar med smijernsbeslag/sidevangar. Desse er no i svært dårleg forfatning. Kven eig dei, og kven har ansvar for vedlikehald/reparasjon av desse?

Neste møte :

Torsdag 22.november kl 19.30 og mandag 30.november kl.19.30

Lavik 10.09.20

Torunn Styve, ref.

Bjørnar Otterstein
Sekretær

Årshjul, Lavik sokneråd 2020

Månad	Aktivitet	Merknad
9. sept 10. sept 17. sept 24. sept 26. sept 27. sept 30. sept	Informasjonsmøte – Konfirmantar+ foreldre – Soknerådsmøte kl 19.00 på Alværa Konfirmantsamling – felles med Hyllestad 4 og 6-årssamling i Kyrkja kl. 17.00 Konfirmasjonsgudsteneste kl. 12.00 Hausttakkefest, kl. 11.00 – utdeling av bøker til born T-dag for 1.-4. klasse på Alværa – i SFO-tid	
01.okt 5.-7. okt 14. /21.okt: 25. okt 29. okt 22.okt	Konfirmantsamling Haustleir Alværa /evt leirdøgn for Lavik dersom leiren må avlysast T-dag, Alværa – for 1.-4. klasse Gudsteneste, minnedag kl. 16.00 v/ Geir Konfirmantsamling Sokneråd kl 19.30 Andakt Helsesenteret v/Geir. Tonje og Geir avtaler dag	
08.nov 12. nov 18. nov 26. nov 30.nov	Gudsteneste med dåp kl. 17.00 v/ Geir konfirmantsamling T-dag, Alværa Konfirmantsamling Sokneråd kl 19.30 Andakt vet avtale mellom Tonje og Geir	
06. des 10. des 20. des 24. des 25. des	Lysmesse kl. 18.00 v/ Geir Konfirmantsamling Julekonsert Familiegudsteneste kl. 15.00 Høgtidsgudsteneste kl. 12.00 v/ Geir Sokneråd? Andakt?	

Plan for gudstenestene frå september – desember 2020

Dato	Kl	Gudsteneste	Prest/deltek	Organist	Kyrkjetenar	Takkoffer	Klokkar	Kyrkjevert	Merknad
26. sept	12.00	Konfirmasjon	Andreas/Toril	Gerda	Audun	Alværa	Toril	Monica Tonje	
27. sept	11.00	Hauttakkefest Familiegudsteneste	Geir/ Toril m.fl	Gerda	Audun	Søndagsskulen	Olav?	Tonje Katrín Rolf	Utdeling av bøker Prosesjon Kaffi/twist
25. okt	16.00	Minnedag	Geir	Peter	Bjarne	NLA – utdanning av lærar, prestar ...	Audun?	Torunn Konfirmant	Kaffi og twist
8. nov	17.00	Gudsteneste	Geir	Gerda	Olav	MAF – (bistandsflyging og nødhjelp)	Olav?	Katrín	Dåp
6. des	18.00	Lysmesse	Geir/Toril	Gerda	Audun	Ikkje takkoffer		Tonje	konfirmantar
24. des	15.00	Familiegudsteneste	Toril?	Katrín	Audun	Kirkens Nødhjelp			
25. des	12.00	Høgtidsgudsteneste	Geir	Gerda	Audun	Misjon i Mali			
20. des		Julekonsert							